

Konsert med kvalitet og humor

27.04.2009



HUBB tar i mot applausen etter si avdeling og dirigent Jan Egil Jørgensen har nett motteke blomar. (Foto: Thor Inge Døssland)

Det var ei stor konsertoppleving 2 x Bjørn og 2 x Vegard pluss nær 100 andre musikkungdommar serverte publikum i Logen Teater i Bergen søndag ettermiddag.

Det var Hordaland Ungdoms Brass Band, Hordaland Ungdomskorps og Rogaland Ungdomskorps som stod for programmet. Dei 4 namngjevne er kvinnheringane Bjørn Naterstad, Vegard V. Skåle og Vegard Døssland i HUBB og velkjende Bjørn Jensen i Salhusvinskvetten som var solist saman med HUBB.

Alle desse korpsungdommane hadde i helga finpussa forma på Askøy. Hordaland Ungdoms Brass Band heldt til på Kleppestø, medan dei to andre kretskorpsa var på Ravnanger.

HUBB opna konserten. I løpet av 40 minutt serverte dei 8 nummer med stor spennvidde og svært høg kvalitet. Midt i programmet dukka velkjende Bjørn Jensen fra Salhusvinskvetten opp på scenen. Han var songsolist med korpset, og vi fekk m.a. høre velkjende "Sokkadn" og "Tjo hei og duddeli dei" fra Vinskvetten sitt repertoar. Heile programmet sat som spikra! Presist, velklingande og med stor speleglede! Dirigent for HUBB var også denne gangen unge Jan Egil Jørgensen.

Etter ein kort pause entra Rogaland Ungdomskorps og Hordaland Ungdomskorps scenen. For anledningen opptrødde dei saman som eit korps. Dermed fekk vi eit stort korps med nær 60 musikarar. Desse korpsa har janitsjarbesetning, dvs. at dei i tillegg til messing har fløyter, klarinettar og saksofonar. Dermed får dette korpset eit anna lydbilete. Gjennom 40 minutt serverte det store orkesteret janitsjarmusikk slik det skal låta. Også desse ungdommane imponerte, og særleg er det grunn til å nemma svært unge Aslak Storheim som briljerte med ein imponerande euphoniumsolo. Dirigent for begge desse korpsa(RUK og HUK) er Reid Gilje.

Konserten var avslutningen på denne sesongen for dei tre kretskorpsa. I september startar dei ein ny sesong med nye samlingar og nye konsertar. Ungdomane i korpsa vil samla nye, gode og verdfulle opplevingar, og dei vil imponera publikum med fleire flotte konsertar.

Av Thor Inge Døssland